

SØKNAD OM DISPENSASJON I HØVE AREALOVERFØRING FRÅ GNR 196/1 TIL GNR 196/106--
SØKNAD OM AREALOVERFØRING (SJÅ VEDLEGG)

Kva søknaden gjeld:

Det vert søkt om arealoverføring på inntil 499 m2 frå gnr. 196 bnr. 1 til gnr. 196 bnr. 106 i Alver kommune.

Bakgrunn for søknaden:

I 1980 vart gnr. 196 bnr. 106 frådelt gnr. 196 bnr. 1 og innført i grunnboka. I 1980/1981 vart det ført opp nytt bustadhus på eigedomen. Det vart tatt i bruk i 1981. Dåverande eigar av bnr. 196 var bror til eigar av hovudbruket – bnr. 1.

I 1992 vart det søkt om, og gjeve løyve til, å føra opp garasje knytt til bustaden på gnr. 106. Eigar av bnr. 1 (Einar Midtgård) og eigar av bnr. 2 (Alfred Midtgård) skreiv under på nabovarsel. (sjå vedlegg)

I 2011 døydde eigar av bnr. 106 – Emil Midtgård. 06.04.11 vart kona Ingrid Helene Midtgård innført i grunnboka som heimelshavar til eigedomsrett til gnr. 196 bnr. 106 i Alver kommune. (sjå vedlegg)

I samband med salg av bnr. 106 til neste generasjon vart ein merksam på at store deler av garasjen frå 1992 er ført opp på bnr. 1 sitt areal. Då eigar av bnr. 1 og bnr. 106 var brødre har dette aldri vore til diskusjon eller vore noko problem.

I samband med at noverande eigar Ingrid Helene Midtgård skal selja eigedomen til neste generasjon, er det ønskjeleg å retta opp i grunn- og eigedomstilhøva kring garasjen oppført i 1992.

Arealstatus - kvifor trong for dispensasjon?

Bustadeigedomen gnr. 196 bnr. 106 kjem inn under føresegnene i kapittel 2.5.3 i arealdelen til kommuneplan for Alver kommune – 2019-2031.

« 2.5.3. Bebygde eigedomar i LNF

I både kommuneplanen og kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen er det lista opp bebygde eigedomar i LNF kor ein opnar opp for ein del mindre tiltak som kan gjennomførast utan krav om dispensasjon. Eigedommane er lista opp i vedlegg A og B i føresegnene.

Følgjande prinsipp ligg til grunn for dei eigedommane som er lista opp:

- Eigedommar inntil 5 mål
- Er bygd med fritidsbustad eller bustad godkjent etter plan- og bygningslova
- Eigedommane må vurderast i forhold til andre planomsyn som byggegrense mot offentleg veg, omsynssoner, støy, ROS m.m. «

Den del av *garasjen* som står på bnr. 1 er definert som LNF-område. Slik me tolkar det så er det mogleg at det er trong for dispensasjon for å gjennomføra omsøkte arealoverføring.

Som søker ber me likevel om at det vert vurdert å gje *fritak for sakshandsamingsgebyr*, sidan garasjen er knytt til ein eigedom der det i høve føresegnene i arealdelen til kommuneplanen er høve til å setja opp garasje utan dispensasjon.

Grunngjeving:

Bustadhuset på bnr. 196 vart sett opp i 1981. Garasjen vart lovleg bygd i 1992 (sjå vedlegg). Grunna nært og godt slektstilhøve – og topografien på tomte – vart garasjen satt opp delvis inne på bnr. 1 sin eigedom. Søknaden gjeld å få retta opp eigedomsgrensene i samsvar med dagens situasjon – slik at neste generasjon kan ta over eigedomen utan uklare grensetilhøve.

Me vonar Alver kommune ser positivt på søknaden.

Det vert søkt om:

Det vert søkt om arealoverføring på inntil 499 m² frå gnr. 196 bnr. 1 til gnr. 196 bnr. 106 i Alver kommune. Det vert også søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for den del av arealoverføringa som gjeld gnr. 196 bnr. 1.

Vedlegg:

- Søknadsskjema – arealoverføring
- Søknad om arealoverføring – og dispensasjon til dette.
- Dokumentasjon på løyve til å oppføra garasje (skriv av 27.07.92) mfl.
- Situasjonsskart med framlegg til grenser for arealoverføringa.
- Bilete frå aktuelt areal.
- Kvittering for nabovarsel.

Midtgård/Hillesvåg, 01.02.21 (22)

Einar Midtgård

Eigar gnr. 196 bnr. 1



Ingrid Helene Midtgård

Eigar gnr. 196 bnr. 106

